Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	4 400,-
	Totalt gebyr å betala		

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

## **Saksutgreiing:**

### **1. Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om oppføring av nytt reidskapshus gnr 38/8, Kvingo.

Kvingo.

### **2. Uttale**

Saka er nabovarsla, det er ingen merknader i saka.

### **3. Fakta**

Søknaden gjeld søknad om oppføring av nytt reidskapshus gnr 38/8, Kvingo.

Reidskapshuset vert på ca 100m<sup>2</sup>

I kommuneplanen er området avsett til LNF- areal med spredd bustad, tiltaket er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen 2012-2024.

### Skred:

Tiltaket vert liggande utafor område for aktsemd skred.

### **4. Konklusjon**

Jf, vedtak



Hjelmås VVS as  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/680 - 16/6763

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
13.12.2016

## Melding om delegert vedtak - tilkobling til kommunalt vatn - gbnr 31/1 Amundsbotn.

Vi syner til søknad motteke den 18.08.2016.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 151/2016**

**Søknad om tilkopling av kommunalt vatn, gnr 31 bnr 1, Amundsbotn, slik søknaden med vedlegg mottatt 18.08.16 viser, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 17.08.2016 , og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
- Tilknytingsavgift skal vere betalt før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.

**Heimel:**

**Masfjorden vassverk, reglement, vilkår for tilknytning.**

Hjelmås VVS as, orgnr 988410586, 5915 Hjelmås, vert ansvarleg for heile tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klagerett

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn/Fakta

Saka gjeld søknad om tilkopling til kommunalt vatn til bustadhus gnr 31/1, Amundsbotn.

#### 3. Vurdering

Tilknytingsavgift skal vere betalt før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.

**PRESISERING AV VILKÅR VED TILKNYTING TIL KOMMUNALT VATN OG AVLAUP**  
Ved søknad om tilknytning til kommunalt vassverk vert det gitt løyve med forbehold om at vilkåra for tilknytning vert oppfylt.

Dette gjeld spesielt ferdigmelding m.m. straks etter at arbeidet er utført. Kommunen sender då ut krav om tilknytingsavgift til abonnenten. Så snart denne er betalt vert det sendt ferdigattest på anlegget til ansvarleg søkjar med kopi til tiltakshavar. Desse vilkåra må vere oppfylt før ansvarleg søkjar/utførande kan opne for vatn til abonnenten frå kommunalt vassverk

#### 4. Konklusjon

Jf, vedtak.



Leirnes Rør Og Kjøll  
Osland  
5962 BJORDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/622 - 17/902

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
08.02.2017

## Melding om delegert vedtak - tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 5/34, Skjelsundet

Vi syner til søknad motteke den  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 008/2017**

**Søknad om tilkopling av kommunalt vatn og avlaup gnr 5 bnr 34, Skjelsundet, slik søknaden med vedlegg mottatt 04.01.17 viser, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tilknytingsavgift skal vere betalt før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.**

**Heimel:**

**Masfjorden vassverk, reglement, vilkår for tilknyting.**

**Godkjenning:**

**Leirnes rør og kjøll, orgnr: 982938756, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for vatn - og avlaupsinstallasjonar.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

#### Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

#### Saksutgreiing:

##### **1. Bakgrunn/Fakta**

Saka gjeld søknad om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup til bustadhus gnr 5/34, Skjelsundet. Det er den 15.01.2016, gjeve løyve til oppføring av bustadhus.

##### **3. Vurdering**

Tilknytingsavgift skal vere betalt før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.

##### **PRESISERING AV VILKÅR VED TILKNYTING TIL KOMMUNALT VATN OG AVLAUP**

Ved søknad om tilknytning til kommunalt vassverk vert det gitt løyve med forbehold om at vilkåra for tilknytning vert oppfylt.

Dette gjeld spesielt ferdigmelding m.m. straks etter at arbeidet er utført. Kommunen sender då ut krav om tilknytingsavgift til abonnenten. Så snart denne er betalt vert det sendt ferdigattest på anlegget til ansvarleg søkjar med kopi til tiltakshavar. Desse vilkåra må vere oppfylt før ansvarleg søkjar/utførande kan opne for vatn til abonnenten frå kommunalt vassverk

##### **4. Konklusjon**

Jf, vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*





Erna Judith Pedersen  
Yndesdalsvegen 1031  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/949 - 16/6967

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
22.12.2016

## Melding om delegert vedtak - Adressetildeling - gbnr 11/26,31

I samsvar med utsendt informasjonsbrev for omadressering av vegadressa Yndesdalsvegen 1031, vert det med dette fatta vedtak om ny tildeling av husnummer/vegadressenummer.

Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 163/2016**

**Melding om tildeling – og pålegg om skilting – av offisiell adresse (vegadresse).**

**Masfjorden kommune har gjort vedtak om at bustadhus på gnr. 11, bnr. 26, 31 vert omadressert til fylgjande offisiell adresse:**

**Yndesdalsvegen 1027.**

#### *Klagerett:*

*Ifølge Matrikkelforskrifta Kapittel 6, § 22 er det høve til å klage på tildeling eller endring av offisiell adresse. Klageretten er likevel avgrensa til kva veg bygget eller eigendomen skal ha adresse til, eller feil adressenummer. Jfr. Forvaltningslova kapittel IV §§ 28 og 29 er klagefristen 3 veker frå motteke vedtak.*

**Den nye adressa vert registrert i matrikkelen og skal takast i bruk frå 25.01.2017.**

På oppmoding frå Posten, ber me dykk ta i bruk den nye adressa, samt sende melding om adresseendring til dykkar kontaktar når de no mottek vedtaksbrevet. Posten har utvikla eit gratis tilbod for melding om dette for dei som brukar datamaskin/lese Brett/mobiltelefon med internett og i tillegg e-post.

### **Saksutgreiing:**

#### **1. Bakgrunn**

Masfjorden kommune viser til varsel om omadressering, datert 11.11.2016. Vi har ikkje mottatt merknader til dette.

## 2. Vurdering

På grunn av oppføring av nytt bustadhus mellom husa med adresse Yndesdalsvegen 1031 og 1033, vert det nye huset tildelt Yndesdalsvegen 1029 og dykkar hus med tidlegare adresse Yndesdalsvegen 1031 får no tildelt adresse Yndesdalsvegen 1027. Husnummer 1031 vert ikkje tatt i bruk no.

## 3. Fakta

Masfjorden kommune kjøper inn skilt utan kostnad for deg. Skilta vert levert eller sendt i posten. Skilting av adresse er huseigar sitt ansvar. Skiltinga skal vere utforma i samsvar med gjeldande standard og plasserast slik at dei er godt synlege.

## 4. Konklusjon

Sjå vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakarar:

Erna Judith Pedersen

Yndesdalsvegen 5986  
1031

HOSTELAND



Mette Cathrine Faannessen  
Stokkevika 17  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/66 - 17/898

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
08.02.2017

## Melding om delegert vedtak - Arealoverføring av areal til offentlig veg frå GBNR 1/56 til 1/45

Vi syner til søknad motteke den 25.01.2017.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 009/2017**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til å arealoverføre om lag 40 m<sup>2</sup> frå gbnr 1/56 til gbnr 1/45 til føremål offentlig veg i Stokkevik bustadfelt.**

### **Grunngjeving:**

**Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.**

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

## **Saksutgreiing:**

### **1. Bakgrunn**

Søknaden gjeld overføring av eit areal på om lag 40 m<sup>2</sup> frå gbnr 1/56 til gbnr. 1/45 i Stokkevik bustadfelt.

### **2. Fakta**

Gbnr. 1/56 er ein bustadtomt som er 1339 m<sup>2</sup> stor. Delar av den kommunale vegen i bustadfeltet er innlemma i denne bustadtomten, og Masfjorden kommune burde justert grensa mot bnr. 45 eller sikra seg bruksrett i dette arealet før tomten vart selt til Mette Cathrine Faannessen i januar 2015. For å rette opp i

dette, har Masfjorden kommune inngått avtale med Fannessen om å tilbakeføre om lag 40 m<sup>2</sup> til den kommunale vegen.



Kartutsnitt som viser arealet det er søkt om å overføre fra bnr. 56 til bnr. 45

### 3. Vurdering

Planen som er gjeldende for området, er reguleringsplan for Stokkevik bustadfelt godkjent i 1981. I planen er det regulert kommunal veg gjennom feltet, men avkjørsler til kvar tomt er ikkje teikna inn i plankartet.

På grunn av terrenget er det vanskelig å komme ned til gbnr 1/57 utan å bruke den delen av den opparbeidde delen av den kommunale vegen som søknaden gjeld. Ved å tilbakeføre dette arealet, vert dette problemet løyst. Det er også her det er naturleg å snu eller å passere andre bilar ettersom det ikkje er opparbeidd snuplass i enden av den kommunale vegen.

Det vil ha ingen eller mindre konsekvensar for bnr. 56 at dette arealet vert overført til bnr. 45 ettersom det er tilstrekkelig areal på tomten opparbeidd til biloppstillingsplass.

### 4. Konklusjon

Søknaden er i samsvar noverande føremål og vil betre vegsituasjonen i Stokkevik bustadfelt. Søknaden vert godkjent slik søknaden viser.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**



Kjell Aage Bjørnevoll  
Reikeråsvegen 167  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/950 - 16/6662

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
08.12.2016

## Melding om delegert vedtak - Arealoverføring frå gbnr 50/11 til 50/60 i Fagerboten hyttefelt

Vi syner til søknad motteke den 10.11.2016.  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 149/2016**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til å arealoverføre to parsellar på til saman om lag 150 m<sup>2</sup> frå gbnr. 50/11 til gbnr. 50/60 til fritidsføremål i Fagerbotn hyttefelt.**

### **Grunngjeving:**

**Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.**

### Klagerett:

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

## **Saksutgreiing:**

### **1. Bakgrunn**

Søknaden gjeld frådeling ved arealoverføring av eit areal på til saman 150 m<sup>2</sup> frå gbnr. 50/11 til 50/60.

### **2. Fakta**

Gbnr. 50/60 er regulert til hyttetomt i reguleringsplan for Fagerbotn hyttefelt, vedteken 31.10.2013. Det er bygd ei hytte på eigedomen med to brukseiningar.



Skisse som viser arealet det er søkt om å få overført frå bnr. 11 til bnr. 60

### 3. Vurdering

Arealet det er søkt om å arealoverføre er inndelt i to parsellar;  $68 \text{ m}^2$  i vest og  $74 \text{ m}^2$  i nord. Arealet er regulerert til fritidsfremål og det er ikkje vist grenser for tomteinndeling i reguleringsplanen. Ved frådelling av gbnr. 50/159 er det teke omsyn til at eigarar av bnr. 60 skulle få utvide tomten. Søknaden gjeld dermed ein smal trekant i vest som ligg att på bnr. 11 mellom eigedomane.

I nord er det søkt om å utvide tomten til å følgje grensa mot bnr. 51 heilt i nord. Denne trekanten høyrer naturleg til bnr. 60 og vil medføre ingen eller mindre konsekvensar for nabo.

Naboar har fått nabovarsel og det har ikkje kome merknader til søknaden.

### 4. Konklusjon

Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen for Fagerbotn hyttefelt og vert godkjent.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

#### Mottakarar:

Hans Henrik Fanebust, Kjell Aage  
Bjørnevoll  
Kjell Aage Bjørnevoll

Reikeråsvegen 167 5913

EIKANGERVÅG



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1068 - 17/488

Saksbehandlar:

Kjersti Furnes Soltvedt

kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:

24.01.2017

## Melding om delegert vedtak - arealoverføring til offentlig veg - GBNR 49/82 og 50/33

Vi syner til søknad motteke den 23.12.2016.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 004/2017**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til deling ved arealoverføring til offentlig vegføremål i samsvar med mottatt søknad, datert 23.12.2016. Arealet skal overførast frå gbnr 49/3, 50/1, 50/2 og 50/3 til gbnr 49/82 og 50/33.**

### **Grunngjeving:**

**Arealet det er søkt arealoverføring for som skal overførast til offentlig veggrunn, er ellereie opparbeidd til dette føremålet.**

Klagerett:

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

### **Saksutgreiing:**

#### **1. Bakgrunn**

Søknaden gjeld dispensasjon til arealoverføring til offentlig veg etter utviding og ombygging av delar av Stordalsvegen, Fylkesveg 381. Statens vegvesen har inngått avtale om overtaking av grunn med eigarar av gbnr 49/3, 50/1, 50/2 og 50/3. Det er derfor søkt om å overføre dette arealet til veggrunnen gbnr 49/82 og 50/33 eigd av Hordaland fylkeskommune.

#### **2. Uttale**

Det vert vurdert at søknaden på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring.

### 3. Fakta

I arealdelen til kommuneplanen er trasear for samferdsel vist med linje koda «samferdsellinje». Det er ikkje avsett areal langs vegstrekningane til offentleg vegareal då dette i praksis vanskeleg let seg gjere i ein overordna plan. Det er dermed ikkje avsett eit avgrensa areal til offentleg vegareal langs med vegtraseane. I kommuneplanen er dermed arealet avsett til LNF-område.



Skisse over viser dei aktuelle områda det er søkt arealoverføring for

### 4. Vurdering

Tiltaket som gjeld utbetring av Stordalsvegen er for å betre tafikksikkerheita og allereie ferdig utført. Søknaden gjeld derfor ikkje ein endring av dagens situasjon. Ut i frå dette vurderer Masfjorden kommune at det er ein fordel at arealet som er opparbeidd til offentleg vegføremål vert overført til det offentlege. Det vert dermed gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommunedelen til å dele i frå arealet slik det er søkt om.

Det er søkt om fritak for nabovarsling då tiltaket er gjennomført og naboane sine interesser ikke er berørt av tiltaket, jf. plb. § 21-3 annet ledd. Etersom avtale om grunnavståing allereie er inngått meiner vi at det kan gjevast fritak frå nabovarsling i denne saka.

### 5. Konklusjon

Søknad om dispensasjon til arealoverføring vert godkjent i samsvar med søknaden.





Fjon Båtlag  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1033 - 17/296

Sakshandsamar:  
Sveinung Toft  
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:  
17.01.2017

## Melding om delegert vedtak - bod ved båtmarina på Sandnes - gbnr 31/38

Vi syner til søknad om reidskapsbod på 12 m2 motteke den 09.12.2016.  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.  
Tiltakshavar:

### **Søknadstype:**

Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova sin § 20-2.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 002/2017**

VEDTAK:

**Masfjorden kommune viser til § 19-2 i plan- og bygningslova og gjev dispensasjon for omsøkte tiltak.**

**I medhald av § 20-2 plan – og bygningslova godkjenner ein og søknad om oppføring av lagringsbod på gbnr 31/38 ved båtmarinaen på Sandnes.**

**Søknad med vedlegg mottatt 09.12.2016, vert godkjent på følgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 09.12.2016 .2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf.SAK § 6-3.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet. Ferdigstilling Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	4.400,-
9.1.1	Dispensasjon frå planføre mål	1	9.500,-
<b>Gebyr krone</b>			<b>13.900,-</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## **Saksutgreiing:**

### 1. Bakgrunn

Søknaden gjeld oppføring av reidskapsbod for Fjon båtlag sine medlemmer.

### 2. Fakta

Boden er på 12 m<sup>2</sup> og er 3,5 meter høg. Boden vert plassert heilt inntil båtmarinaen og med dør vendt mot aust. Tiltaket skal nyttast av felleskapet. Omsøkt stad er i kommuneplanen lagt ut til LNF-område, og ligg heilt inntil arealkategorien byggjeområde for naust. Det er ikkje knytt spesielle miljøverdiar til denne staden.

### 3. Vurdering

Omsøkt stad ligg heilt inntil båtområdet innanfor strandareal som er omslutta av båtmarinaen. I kommuneplanen er omsøkt stad LNF-område med føreseger med forbod mot byggjetiltak som ikkje er knytt til stadbunden næring. Det er difor naudsynt å handsama søkanden etter § 19-2 i plan- og bygningslova som handlar om dispensasjon. Etter rådmannen si vurdering vil ikkje tiltaket medføra spesielle ulemper i høve miljø, naturmangfald, strandsone, folkehelse, landskap, landbruk eller andre interesser. Tiltaket er svært avgrensa i volum og vil i liten grad påverka strandsona eller landskapet rundt. Det vert vektlagt at området vert nytta til båtbruk i regi av Fjon Båtlag. Tiltaket vil difor ikkje verke privatiserande.

Fordelane ved å gje dispensasjon høve plan- og bygningslova din § 19-2 er difor etter rådmannen si vurdering og etter ei samla vurdering klart større enn ulempene.

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Rådmannen har ingen merknader til søknaden.

### Konklusjon

Rådmannen vil visa til at tiltaket er svært avgrensa i storleik, og at det skal tene felleskapet i båtforeininga sitt behov for lagring av naudsynt utstyr. Ut frå ei total vurdering meiner rådmannen at det kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og godkjenning etter plan- og bygningslova sin § 20-2.

Med helsing

Sveinung Toft  
ass. rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN



Tømrar Helge Andvik  
Andvikvegen 509  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/301 - 16/6832

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
15.12.2016

## Melding om delegert vedtak - endring av ansvarsrett - gbnr 19/24 og 7 Molland

Vi syner til søknad motteke den 24.08.2016.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 157/2016**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan - og bygningslova og godkjenner søknad om endring av ansvarsrett våtrom ved oppføring av garasje gnr 19 bnr 24 og 7, Molland.**

**Søknad med vedlegg mottatt 24.08.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Frode Haugsvær Maskin AS, 985442320, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for tiltaket.**

### **Grunngjeving:**

**Søknaden er i trå med vedtak 048/2016.**

### **Heimel:**

**Plan – og bygningslova § 20-1**

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar.

Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.

*Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn/Fakta

Saka gjeld søknad om endring av ansvarsrett for grunnarbeid ved oppføring av garasje gbnr 19/24 og 7, Molland.

### 2. Vurdering

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar.

Frode Haugsvær Maskin AS, 985442320, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for tiltaket.

### 3. Konklusjon

Jf,vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*



Reknes Byggjevarer LL  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/939 - 16/6265

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
23.11.2016

## Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus med leiligheit - gbnr 18/87, Duesundøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 141/2016**

**Tiltakshavar:** Ann  
Jassica Fawsett og  
Joakim Fagerheim  
Hindenes

**Ansvarleg søkjar:**  
Reknes Byggjevarer LL

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

**VEDTAK:**

**Masfjorden kommune viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av bustadhus gbnr 18/87, Duesundøy.**

**Søknad med vedlegg mottatt 04.11.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Det skal sendast inn koordinatar før det vert gjeve ferdigattest.
- Skilting av bustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving:**

Søknaden er i trå med reguleringsplan Duesund.

**Heimel**

§ 20-1 plan – og bygningslova  
Reguleringsplan Duesund.

**Søknad med vedlegg om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup til bustadhus med leiligheit, gbnr 18/87, Duesundøy, mottatt 04.11.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Dersom det må nyttast reduksjonsventil/trykkauking grunna høgt eller lågt trykk, er det

- ansvarleg søkjar/rørleggjar å ta kostnaden med dette.
- Tilknytingsavgifta må vere betalt før tilkopling av vatn og avløp.
- Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

#### Heimel

Masfjorden vassverk, reglement og villkår for tilknytning. Tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

#### Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

##### Adressevedtaket:

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 18 bnr 87, skal ha følgjande offisiell adresse:

#### Duesundøyna 50

##### Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
<b>SØK</b>	Reknes byggjeverar L/L	915354424	S	1	Søkjar
<b>PRO</b>	Entreprenør Ansgar Birkeland as	939555420	S	1	Grunn – og terrengarbeid, plassering av tiltak.
<b>PRO</b>	Murmester Aril Andvik	984273193	L	1	Grunnmur, forstøtningsmur, pipe, våtrom.
<b>PRO</b>	Hjelmås vvs as	988410586	S	1	Utve.stikk og innv sanitæranlegg.
<b>PRO</b>	Reknes byggjeverar L/L	915354424	S	1	Tømrararbeid
<b>UTF</b>	Entreprenør Ansgar Birkeland as	939555420	S	1	Grunn – og terrengarbeid, plassering av tiltak.
<b>UTF</b>	Murmester Aril Andvik	984273193	L	1	Grunnmur, forstøtningsmur, pipe, våtrom.
<b>UTF</b>	Hjelmås vvs as	988410586	S	1	Utve.stikk og innv sanitæranlegg.
<b>UTF</b>	Reknes byggjeverar L/L	915354424	S	1	Tømrararbeid og arkitektur
<b>KTR</b>	Byggmester Bjørn	954354008	S	1	Fukt - og

	Rune Kvinge				tetthetskontroll
--	-------------	--	--	--	------------------

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.



## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr - bustad / fritidsbustad	1	8 300,-
	Totalt gebyr å betala		8 300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Kopi til:

Ann Jassica Fawsett og Joakim  
Fagerheim Hindenes

Marihaugen 16B 5302

STRUSSHAMN

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn.

Saka gjeld søknad om oppføring av bustad med leiligheit i kjellar, gbnr18/87, Duesundøy. Det vert og søkt om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup.

### 2. Uttale

Tiltaket er nabovarsla, det er ingen merknader til tiltaket.

### 3. Fakta

Saka gjeld søknad om oppføring av bustad leiligheit i kjellar, gbnr18/87, Duesundøy. Det vert og søkt om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup.

Søknaden er i trå med reguleringsplan Duesundøy.

### Adressevedtaket:

#### 1. Bakgrunn/ Fakta

Saka gjeld melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse) Gbnr 18/87.

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 18 bnr 87, skal ha følgjande offisiell adresse: Duesundøyna 50

Skilting av adressene er huseigar sitt ansvar, skiltinga skal vere utforma i samsvar med gjeldande standar og plassart slik at dei er godt synlege.

#### 2. Vurdering

Det er gjeve løyve til oppføring av bustad i sak 141/2016.

Skilting av bustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.

#### 4. Vurdering

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd.

Rådmannen har ingen merknader til søknaden.

#### 5. Konklusjon

Jf, vedtak.



Ck Nor Bygg As  
Postboks 8  
2909 AURDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1074 - 16/7039

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
05.01.2017

## Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad - gbnr 50/66, Stordalen

**Administrativt vedtak. Saknr: 001/2017**

**Tiltakshavar:** Rune

Charles Holmstrøm

**Ansvarleg søkjar:** CK

Nor Bygg AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan og – bygningslova § 20-1, og godkjenner søknad om oppføring av fritidsbustad gnr 50 bnr 66, Librotet hyttefelt.**

**Søknad med vedlegg mottatt 29.12.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Det må sendast inn søknad om utsleppsløyve før tiltaket kan settjast i gang.
- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.11.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Skilting av fritidsbustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket før det vert gjeve ferdigattest.
- Det ska gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving:**

**Søknaden er i trå med reguleringsføresegner Librotet Hyttefelt.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova § 20-1.**

**Reguleringsplan Librotet.**

**Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)****Adressevedtaket**

**Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 50 bnr 66, skal ha følgjande offisiell adresse:**

**Librotet 44**

**Heimel:**

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

<b>FUNKSJON</b>	<b>FØRETAK</b>	<b>ORG.NR.</b>	<b>L/S *</b>	<b>TILT.K L.</b>	<b>ANSVAR SOMRÅDE</b>
<b>SØK</b>	CK NOR BYGG AS	912418804			SØK
<b>PRO</b>	RUSÅNES FABRIKKER AS	928759393	S		Prosjektering av hytte med fundamentplassering og fundamentlaster
<b>PRO</b>	SKAHJEM BYGG AS	989177338	S		Grunnmur og plate på mark. Radonsperre.
<b>PRO</b>	GUNNAR TRÆDAL	969478838			Veg-, utearealer og landskapsutforming
<b>PRO</b>	HAFS ELEKTRO & RØR AS	934466152	L		Sanitærinstallasjoner og Vannforsynings- og avløpsanlegg
<b>PRO</b>	GUNNAR TRÆDAL	969478838	L		Oppmålingsteknisk prosjektering
<b>PRO</b>	Holmstrøm Rune Charles	Selvbygger			Membran og flisarbeid for våtrom.
<b>UTF</b>	RUSÅNES FABRIKKER AS	928759393	S		Arbeider byggesett hytte på fabrikk.
<b>UTF</b>	NORSK BYGGMONTERING AS	987345632	S		Innvendig og utvendig tømmerarbeider for oppføring av hytte. Ildsted og skorstein.
<b>UTF</b>	SKAHJEM BYGG AS	989177338	S		Grunnmur og plate på mark. Radonsperre.
<b>UTF</b>	GUNNAR TRÆDAL	969478838	L		Graving, (sprenging), oppfylling, planering og komprimering. VA til innvendig grunnmur.

<b>UTF</b>	GUNNAR TRÆDAL	969478838	L		Utsetting av punkter etter målangivelse påtegnet situasjonsplan, samt høydeplassing.
<b>UTF</b>	HAFS ELEKTRO & RØR AS	934466152	L		Sanitærinstallasjoner og Vannforsynings- og avløpsanlegg
<b>UTF</b>	Holmstrøm Rune Charles	Selvbygger			Membran og flisarbeid for våtrom.

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
- Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr - bustad / fritidsbustad	1	8100,-
	Totalt gebyr å betala		8100,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

#### Kopi til:

Rune Charles Holmstrøm

Orresteinen 37

5916

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Ck Nor Bygg As

Postboks 8

2909

AURDAL

**Saksutgreiing:**

## 1. Bakgrunn


Saka gjeld søknad om oppføring av fritidsbustad gnr 50/66, Stordalen.

## 2. Fakta

Søknaden gjeld søknad om oppføring av fritidsbustad gnr 50/66, Librotet hyttefelt.

Det er ikkje gjeve utsleppsløyve til denne tomta. Det må søkjast om utsleppsløyve for hytta før igangsetting.

Det er kun gjeve til hyttene som vist på utsleppsplan for Librotet hyttefelt.



Hytter med godkjent utslepp

**Adressevedtak:**

Bakgrunn/ Fakta

Saka gjeld melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse) Gbnr 50/66, Librotet.

Skilting av adressene er huseigar sitt ansvar, skiltinga skal vere utforma i samsvar med gjeldande standar og plasserast slik at dei er godt synlege.

Vurdering

Det er gjeve løyve til oppføring av fritidsbustad i sak 001/2016.

Skilting av fritidsbustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.

## 3. Vurdering

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd.

Søknaden er i tråd med ferguleringsplan Librotet.

Det skal søkjast om utsleppsløyve for hytta før igangsetting.

## 4. Konklusjon

Jf, vedtak.





Halvard Haugsvær  
Haugsvær 48  
5983 HAUGSVÆR

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/95 - 17/804

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
03.02.2017

## Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløyising av festetomt gbnr 47/5/2, Haugsvær

Vi syner til søknad motteke den 01.02.2017.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 005/2017**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1800 m<sup>2</sup> til bustadføre mål frå gnr. 47, bnr. 5.**

**Søknaden gjeld innløyising av festetomt gbnr. 47/5/2.**

#### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29). Eventuell klage sendast skriftlig til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes.*


### **Saksutgreiing:**

#### **1. Bakgrunn**

Søknaden gjeld deling av ein festetomt frå eigedom gnr. 47, bnr. 5 på Haugsvær. Det er bygd bustadhus på tomten.

#### **2. Fakta**

Festetomten er etablert 05.04.1976 og er om lag 1600 m<sup>2</sup> stor. Heile tomten ligg innanfor 100-meters beltet og i LNF-område.



Kartutsnitt som syner planlagt ny tomt

### 3. Vurdering

Tomten det er søkt deling for er noko større enn det festetomten er oppgitt til å vere. Det er søkt om å trekke tomten litt mot sør for å få litt betre plass mellom bustadhuset og eigedomsgrensa. Tomten vert då om lag 200 m<sup>2</sup> større enn den er pr. i dag, på til saman 1800 m<sup>2</sup>.

Rettspraksis og tidligare praksis i kommunen opnar for å dele frå festetomtar. Kommunen kan likevel stille krav til utforminga av tomten. Huset er plassert om lag 20 meter frå sjøen. Strandsona høyrer naturleg til tomten og det vil derfor ikkje vere hensiktsmessig å la strandsona ligge att på avgjevareigedomen slik som det i nokre tilsvarende saker kan verte sett krav til. Frådelinga er til uendra bruk og ikkje til ulempe for friluftsliv og landbruksinteresser, delinga vert derfor tillatt som omsøkt.

Søknaden krev ikkje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2. På dette grunnlaget er ikkje saka sendt ut på høyring til regionale instansar.

### 4. Konklusjon

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1800 m<sup>2</sup> til bustadføre mål frå gnr. 47, bnr. 5 slik som søknaden viser.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør



Hans Ingard Bremnes  
Brimnes 79  
5970 BYRKNESØY

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/782 - 16/6490

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
01.12.2016

## Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløyising av festetomt gbnr 50/2/10 i Litlekupa hyttefelt

Vi syner til søknad motteke den 17.09.2016.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### Administrativt vedtak. Saknr: 147/2016

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsføremål frå gnr. 50, bnr. 2 og 4 i Litlekupa hyttefelt. Søknaden gjeld innløyising av festetomt gbfnr. 50/2/10.

#### Grunngjeving:

Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.

#### Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29) Eventuell klage sendast skriftlig til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes.

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn

Søknaden gjeld innløyising av festetomt i Litlekupa hyttefelt. Walter Fosse og Hans Henrik Fanebust er eigarar av bnr. 2 og 4 og heimelshavarar til festetomtene i hyttefeltet. Festarane har fått tilbod om å løyse inn festetomtene/punkttese i Litlekupa hyttefelt og dei som har inngått avtale med grunneigarane om dette, har fått fullmakt til å søkje om oppretting av matrikkeleining og rekvirere oppmålingsforretning.

#### 2. Fakta

Fnr. 8 er regulert til hyttetomt i reguleringsplan for Litlekupa hyttefelt, vedteken 28.08.1986. Det er bygd hytte på eiendomen. Grensene er tidligere avklart ved kartforretning 18.08.1984 og tomten er 785 m<sup>2</sup> stor. Tomten grensar til fnr. 8 i sørvest og fnr. 20 i nordvest.



Kartutsnitt som syner festetomten som skal innløyast

### 3. Vurdering

Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen for Litlekupa hyttefelt. Det er ikkje sendt nabovarsel til fnr. 8 og fnr. 20. Det vart avtalt i telefonsamtale 28.11.2016 at Masfjorden kommune sender kopi av delevedtaket til partane. Partane er kjent med saka og eksisterande grensemerker vart påvist under oppmålingsforretning halde 24.10.2016.

Forhold som gjeld veg, parkering og leidningar er avklart i reguleringsplan for Litlekupa hyttefelt og delvis i festekontrakt.

### 4. Konklusjon

Søknad om oppretting av matrikkeleining vert godkjent i samsvar med søknaden.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**



Åsmund Øpstad  
Lægdesvingen 60 B  
5096 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/913 - 16/6784

Saksbehandlar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.12.2016

## Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløyising av festetomt gbnr 50/2/17 i Litlekupa hyttefelt

